

Sat i avhøyr om skadeskoten bjørn i Jostedal

Ein mann sat i går kveld i avhøyr på Luster lensmannskontor i samband med meldinga om at ein bjørn var skadeskoten i Jostedalen.

JOSTEDALEN

Ivar Longvastøl
ivar.longvastol@firda.no

Lensmann Asle Karoliussen opplyser at vedkommande har status som vitne, men etter det Firda kjenner til meiner politiet at dei har funne mannen som skaut på bjørnen.

Ringde frå telefonkiosk

Det var litt før klokka 05 måndag morgon at ein anonym mann ringde til politiets operasjonssentral i Florø og fortalde at han hadde skadeskote ein

bjørn i Krundalen, som er ein sidedal til Jostedalen. Meldinga vart ringt inn frå ein telefonkiosk i dalen.

Fylkesmannen har gitt fellingsløyve på ein bjørn etter fleire sauedrap i Sogn og Sunnfjord, men jakta som kan ha ført til skadeskyting var ikkje ein del av den organiserte jakta i Jostedalen.

Varmesøkjande kamera

Politiet og Statens Naturoppsyn henta i går inn eit spesialhelikopter med varmesøkande kamera og ein hundeevipasje frå Nord-Trøndelag for å leite etter bjørnen i Krundalen.

Karoliussen opplyser at ettersøkhunden skal vere den beste i Norge på å spore bjørn, og politiet meiner å ha kartlagt det aktuelle området der bjørnen vart påskoten. Hundeevipasjen er forsterka med ein erfaren jeger frå Koppang i Østerdalen.

Søket med hund starta kring klokka 21 i går kveld.



KRUNDALEN: Bjørnen vart skadeskoten i Krundalen, ein sidedal til Jostedalen, i eit område med tett skog.

– Tusenårsstaden er kvitt knott-plaga

Knotten blei inga plage for den store 4H-leiren og Håkonarspelet på Gulatinget førre helg. Arrangørane meiner at utplassering av knottfeller og god drenering har gjort susen.

GULEN

Bjarne Bekkeheien Aase
bjarne.bekkeheien.aase@firda.no

– No er det mindre knott på tusenårsstaden enn på dei fleste andre plassar på Vestlandet. Det er vi veldig godt nøgde med, seier prosjektleiaren for tusenårsstaden Gulatinget, Anne-Karin Misje.

– Ikkje lenger til sjenanse

Sist helg hadde 4H leir i området, og over 250 born- og unge frå heile fylket var samla. Etter tilbakemeldingane å dome var knottplaga derimot ikkje særleg påtrengjande.

– Knotten var ikkje til sjenanse. Det var fantastiske forhold, og det var ikkje meir knott enn det er heime hos folk, seier leirsjef Kåre Haveland til Firda.

Både han og Misje meiner at knottfellene som er sett opp er effektive, og i tillegg har drenering og nydyrking hatt positiv effekt.

– Grepa som er gjort har verka svært bra. Både god drenering, kalking av plenen og fjerning av vegetasjon har verka inn i tillegg til knottfellene, meiner Misje.

Har fanga ein million knott

Eit 15-tals knottfeller vart i fjor sett opp rundt på tusenårsstaden til ein kostnad på rundt 100 000 kroner. Ved hjelp av brennande propangass og eit luktmiddel blir knotten lokka i fella, og i løpet av dei siste seks vekene har utstyret teke knekken på over ein million knott.

– Og det var for høgsesongen



KNOTTFELLER: Fellene som blei plassert ut ved Gulatinget i fjor skal vere effektive, og arrangørane av 4H-leiren sist helg vart ikkje sjenert av knott. Her frå utplasseringa av fellene i fjor. Frå høgre: Gunnar Bygnes, Toril Rysjedal Bygnes og skotten Brian Frame.

Arkivfoto: Kenneth Ø. Monsen

sette inn for fullt, seier Misje.

Drifta av knottfangarane kostar rundt 40 000 skattekroner i året, pluss arbeidet med å skifte ut gassbeholdarar og knottnett,

men Misje meiner utstyret er vel verdt pengane.

– For var det forferdeleg med knott her, men no kan folk besøke Gulatinget utan problem,

seier Misje.

Importøren av knottfellene, Gunnar Bygnes frå Rysjedalsvika, er godt nøgd med tilbakemeldingane.

– Ein blir aldri heilt kvitt knotten, men det er jo bra at ein kan redusere bestanden til eit nivå ein kan leve med, seier han.